



Styreleiar Hans J. Berge

**Styreleiar Hans J. Berge og dagleg leiar Tor Vidar Sæle hevdar at kommunen har brote anskaffelsesregelverket ved ikkje å avvise tilbudet til Trygge bustader i Rosendal. Dei skriv i klaga si at tilbudet er behefta med så mange manglar at det skal avvistast etter bestemmelsane i Forskrift for offentlege anskaffelsar. Kvar og ein av desse manglane skal føre til avvising meiner Berge og Sæle.**



Dagleg leiar Tor Vidar Sæle

Dei viser mellom anna til kravet om å leggja fram skatteattest for merverdiavgift. Dokumentane inneheld ikkje dette dokumentet og etter forskrift for offentlege anskaffelsar skal tilbodet difor avvisast og ikkje evaluerast. Det vert også stilt krav til tilbyders økonomiske og finansielle kapasitet. Leverandøren skal ha tilstrekkeleg kapasitet for å gjennomføra oppdraget. Men i dette høve finnast det ikkje annan dokumentasjon enn stiftelsesdokumentet og ein oversikt over eigenkapitalen som pr. 26. april er oppgjeve til 72 439 kroner.

At dette vert akseptert som tilstrekkeleg dokumentasjon på kapasitet til å gjennomføra eit oppdrag på over 30 millionar synast lite rimeleg, skriv Berge og Sæle.

74 439 kroner er også selskapet sine totale verdier og skal hefte for alle verdier i selskapet. Selskapets formål er i registeringsdokumentet oppgjeve til å vera kjøp, sal og forvaltning av eigedom og aksjar og alt som står i samband med dette. Dette er også forretningsområde som synest å vera relativt risikoeksponert, kommenterar Berge og Sæle.

Det finn det også underleg at kommunen stillar krav til reviderte rekneskap for deltaking i konkuransen, men aksepterar ein leverandør som i framtida ikkje skal eller treng levera revisjon av årsrekneskap.

Det vert og stilt krav om tilbyders tekniske og faglege kvalifikasjonar. Tilbodet frå Trygge bustader inneheld ikkje dokumentar som tilfredsstillar dette. Tvert imot går det fram av tilbodet mellom anna at HMS-plan og kvalitetssikringssystem ikkje finnast.

I dette punkt vert det også stilt krav til at leverandøren har ein organisasjon som har god gjennomføringsevne. Papirane syner at leverandøren ikkje har nokon ansette, men vil nytta eksterne firma og samarbeidspartnarar som ikkje er del i tilbodet.

Då ynskjert om utvida klagefrist vart avvist av Jarle Fossheim har Berge og Sæle ikkje hatt til å gå igjennom alle dokument i detalj. Difor vil dei koma attende og anføra fleire feil ved prosessen, varslar dei.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen